



Eid Kommune

Planstrategi 2016-2020



Planstrategi for Eid kommune 2016-2020

Vedteke av Eid kommunestyre, 6. oktober 2016, KS-sak 135/16

Saks nr: 16/20169

Dato: 11.10.2016

Versjon: 1


INVITERER

Innhold

1 Innleiing	2
1.1 Kva vi vil oppnå	3
1.2 Planprosessen - frå kartlegging til iverksetting	3
2 Bakgrunn for val i planstrategien	4
2.1 Behov for revisjon av eksisterande planar	5
2.2 Behovet for nye planar	6
2.3 Oppsummering – behovet for nye planar	11
3 Retningslinjer for vidare planarbeid	12
4 Planarbeid 2016-2020	13
5 Vedlegg	18

1 Innleiing

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav om at kommunestyret minst ein gong kvar valperiode og seinast innan eitt år etter konstituering skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val for samfunnsutviklinga og ei vurdering av kommunen sitt planbehov dei komande åra. Planstrategien er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen for å fastlegge det vidare planarbeidet.

Planstrategiarbeidet for Eid kommune er systematisert gjennom tre grunnlagsdokument, som ligg som vedlegg til denne planstrategien.

- I dokumentet *Kunnskapsgrunnlag og utfordringar* gjer vi opp status og peikar på moglege utfordringar og behov innanfor dei seks utvalde områda i samfunnsdelen, kjende som Å bu i Eid, Å vekse opp i Eid, Å ha sitt helse og omsorgstilbod i Eid, Å arbeide og drive næring i Eid, Å tilbringe aktiv fritid i Eid og Eid kommune som organisasjon.
- I dokumentet *Forventningar til planlegging* har vi synleggjort statlege, regionale og lokale forventningar til kommunen dei komande åra og vi gjev ei beskriving av korleis vi møter desse.
- I dokumentet *Vurdering av planar* gjev vi ei oversikt over gjeldande planar og gjer ei vurdering av om dei gjeldande planane møter dei beskrivne forventningane og utfordringane som er avdekt i dokumentet Kunnskapsgrunnlag og utfordringar for Eid kommune.

Når planbehovet er kartlagt må det prioriterast mellom dei ulike planoppgåvene i valperioden. Dette vert først og fremst ei politisk avgjersle, men planomfanget må sjåast i samanheng med kommunen sine samla planressursar og økonomiske rammer. Det bør nemnast at planarbeid inngår som ein del av kommunen si drift og difor ikkje kan lånefinansierast. Erfaring frå førre planstrategi viser elles at kommunen var for ambisiøs i forhold til kapasiteten og dei ressursane som var avsett til planarbeidet.

Planstrategien 2016-2020 vil omfatte ei vurdering av planbehov for følgjande planar:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplanar
- Større reguleringsplanar utarbeidd av Eid kommune
- Andre planar som ikkje må følgje plan- og bygningslova

I dag er større kommunedelplanar under revisjon; oppvekst, helse og omsorg, veg og trafikktrygging. To nye kommunedelplanar er vidare under utarbeiding; kullturminne og ferjefrikryssing Anda – Lote.

Under er ein illustrasjon som viser planstrategien si plassering i det kommunale plansystemet.



1.1 Kva vi vil oppnå

Summert opp så gjev arbeidet med planstrategien følgjande moglegheiter:

- Rom for å gjere strategiske val for ynskt utvikling.
- Høve til å vidareutvikle den demokratiske arenaen for innbyggjarane.
- Høve til å gjere ei samla vurdering av planbehovet for valperioden.

Det er ynskjeleg at arbeidet med kommunal planstrategi skal gje følgjande *effekt*:


- Prioriterte planar vert revidert eller utarbeidd for å møte aktuelle utfordringar.
- Auka forståing av plansystemet.

Følgjande *mål* skal vere oppnådd når planstrategien er ferdig utarbeidd:

- Oversyn over aktuelle utfordringar.
- Oversyn over kommunen sine overordna planar.
- Oversyn over kommunen sitt overordna planbehov.
- Retningslinjer utarbeidd for Eid kommune sitt planarbeid.
- Prioritering av planarbeidet i komande periode: oktober 2016 til oktober 2020.

1.2 Planprosessen - frå kartlegging til iverksetting

I illustrasjonen under er det gjort nærare greie for samanhengen i Eid kommune sitt plansystem. Målsettinga for planlegginga i Eid kommune er at ein alltid må setje planane inn i ein større samheng; frå overordna kartlegging til planlegging og dernest til kommunen sin handlingsdel, økonomiplan og verksemdplanar.




2 Bakgrunn for val i planstrategien

Vedleggsdokumentet *Vurdering av planar* viser at kommunen har eit stort tal gjeldande planar innanfor fleire av verksemda sine område. På nokre område er planane utgått, slik at vi ikkje lenger har ein spesifikk plan på området.

Nokre av planane våre er lovpålagde medan andre er planar som vi bør ha om nivået på samfunnsutvikling, forvaltning og tenesteyting skal haldast på eit visst nivå. Ein tredje type planar er planar som vi utarbeider fordi vi har tatt eit aktivt val om det, med det føremål å bli meir attraktiv som bustad-, nærings- og besøksstad.

Som hjelpemiddel for å nærme oss ei vurdering av planbehovet i kommunen har vi nytta figuren under.



2.1 Behov for revisjon av eksisterande planar

Behovet for revisjon av eksisterande planar er det gjort greie for i dokumentet *Vurdering av planar*. Fleire av desse planane er planar som vi på grunn av lovkrav «må» revidere, medan andre bør eller vil vi revidere fordi vi ser at den enkelte plan ikkje har oppdaterte mål, strategiar og tiltak for å møte utfordringane i samfunnsutviklinga.

Den totale oversikta av planar som vert tilrådd revidert går elles fram i tabellen under kapittelet Planstrategiarbeid 2016 – 2020. Under vil vi gje ei kortfatta oversikt over overordna planar som bør reviderast. Planar med behov for årleg revisjon er ikkje teke med i oversikta under, men går fram av oversikta over *planarbeid* i kapittel 4.

Planar som handlar om å bu i Eid

- Kommunedelplan for energi og klima
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging 2017 -2029
- Bustadsosial handlingsplan 2013 – 2017
- Plan for mottak av flyktningar i Eid kommune 2013 – 2017

Kommunedelplan for energi og klima vart tilrådd oppstarta i førre planstrategi, men vart utsett. Planen vert tilrådd prioritert no med oppstart allereie i 2016. Revisjon av denne planen vil vere omfattande og det vil vere behov for å setje av ekstra ressursar til dette arbeidet på 200 000 kr. Ein oppdatert *bustadsosial handlingsplan* er vidare viktig for å nå ynskt samfunnsutvikling og for å kome i posisjon for midlar frå Husbanken, og bør difor prioriterast tidleg i planstrategiperioden. *Plan for mottak av flyktningar* bør reviderast i 2017 då gjeldande plan går ut i 2017.

Planar som handlar om å arbeide eller drive næring i Eid

- Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2013 - 2016
- Overordna plan for hjorteforvaltning 2010 -2015

Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket bør reviderast i 2016, då planen går ut i 2016. *Overordna plan for hjorteforvaltning* er alt gått ut, revisjon bør difor settast i gang tidleg i planstrategiperioden.

Planar for utvikling av kommunen som organisasjon

- Plan for inkluderande arbeidsliv i Eid kommune 2015-2018 (IA-plan)
- Plan for bedriftshelseteneste
- Spesialpedagogisk plan 2013-2017
- Strategiplan for minoritetsspråklege.

Plan for inkluderande arbeidsliv i Eid kommune 2015-2018 (IA-plan) bør reviderast i samband med nye IA-avtaler på nasjonalt nivå, i 2017 og 2019. Plan for bedriftshelseteneste bør ha ein meir omfattande revisjon i 2017 i samband med nytt anbod for bedriftshelsetenester. *Spesialpedagogisk plan* bør reviderast i 2017 då gjeldande plan går ut i 2017. *Strategiplan for minoritetsspråklege* bør reviderast samtidig med plan for mottak av flyktningar i Eid kommune som er tilrådd revidert i 2017.

2.2 Behovet for nye planar

Behovet for nye planar vert avdekt på bakgrunn av den kunnskapen som vi sit att med etter utarbeiding av grunnlagsdokumenta til planstrategien. Nokre planar vil bli tilrådd utarbeidd som følgje av allereie fatta vedtak om at planane skal utarbeidast. Andre planar tilrår vi utarbeidd som følgje av at det i dag ikkje finst ein plan som kan møte dei avdekte utfordringane og moglegheitene i samfunnsutviklinga.

2.2.1 Å bu i Eid

Bustad og areal

Innleiingsvis i dokumentet *Kunnskapsgrunnlag og utfordringar* la vi til grunn at tilgang på etterspurte bustadtypar og tomteareal er ein faktor som kan påverke attraktiviteten til ein stad.

I dei nasjonale forventningane til planlegging vert det lagt til grunn at kommunen legg til rette for attraktive og klimavennlege tettstadsområde og i kommuneplanen sin samfunnsdel er det sagt at kommunen skal sikre tilgang på ledige tomter i alle krinsane og tilby kommunale bustadtomter for sal når behovet ikkje vert stetta av private aktørar.

Tilrettelegging av areal er ei kommunal oppgåve som kommunen kan løyse ved å setje av tilstrekkeleg eigna areal i kommuneplanen sin arealdel og gjennom detaljregulering av nye bustadsområde. Ei kartlegging av tilgjengeleg bustadareal i krinsane har avdekt eit behov for nye bustadsområde i Haugen krins og i Hjelle krins. Dette behovet er også peika på av Haugen Dalen bygdeutviklingslag og Hjelle krins utviklingslag i samband med planstrategiarbeidet.

Omsynet til klimavennlege tettstadsområde og kunnskapen om at stadig fleire vel å busetje seg i allereie fortetta bustadsområde nær skule og fritidsaktivitetar, tilseier at nye bustadsområde bør etablerast i nærleiken av skuleområdet til dei to krinsane.

I nyleg vedteken arealdel er det sett av eigna areal for slik utbygging i Hjelle krins og det vert tilrådd at det vert planlagt oppstart for detaljregulering av nytt bustadsområde i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

For Haugen krins sin del, så har Eid kommunestyre i møte den 1. september 2016, KS-sak 117/16 gjort følgjande vedtak om rullering av kommuneplanen sin arealdel:

"Kommunestyret syner til innspel frå Haugen og Dalen Bygdeutviklingslag. Kommunestyret ber Rådmannen innarbeide i framlegget til planstrategi ei sak om ei avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for areal til bustadformål sentralt i Haugen krins (gangavstand til skulen)."

På bakgrunn av ovannemnde vedtak vert det tilrådd ei avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for Haugen krins. Når planarbeidet er avslutta bør det utarbeidast ein ny detaljreguleringsplan for nytt bustadsområde på Haugen.

Amenitetar, Identitet og stadleg kultur

Staden sine fysiske kvaliteter, identitet og stadleg kultur er trekt fram som to attraktivitetsfaktorar som kan påverke ein stad sin attraktivitet. I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein som målsetting

å styrke Nordfjordeid sentrum sin identitet ved å ta vare på det kulturhistoriske særpreget i Eidsgata og Tverrgata.

Eid kommunestyre vedtok i møte den 4. juni 2015, KS-sak 060/15, ein tiltaksplan for oppfølging av sentrumsanalysen for Nordfjordeid sentrum. I tiltaksplanen er det bestemt at det skal gjennomførast ei verdianalyse for Nordfjordeid sentrum. Fortrinnsvis i samarbeid med Riksantikvaren og eventuelt fylkeskommunen. Eit slikt arbeid kan sjåast i samanheng med ein ny utviklingsplan.

Særleg om infrastruktur

Eit anna satsingsområde for både Regjeringa og Eid kommune er tilrettelegging for auka bruk av *sykkel og gange* i dagleglivet og sikring av samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet.

Formannskapet i Eid gjorde i møte den 3. september 2015 følgjande vedtak om planvurdering for gang- og sykkelveg langs Rv15 på Stårheim:

«Eid kommune ser det som viktig å få starta opp planprosessen for gang- og sykkelveg langs Rv15 på Stårheim snarast råd, i første omgang strekninga Indre Røed- Stårheim sentrum. Administrasjonen får i oppgåve å utgreie nærare kva planprosessar som då må setjast i verk, med mål om å innarbeide planprosessen i ny planstrategi for Eid kommune for kommunestyreperioden 2016-19».

Planprosessen vert på denne bakgrunn innarbeidd i planstrategien. I samband med vedtak av planstrategien vart det gjort følgjande vedtak i KS-sak 135/16:

"Eid kommune har som mål å få prosjektet gang- og sykkelveg Rv.15 Stårheim, Indre Røed - Stårheim sentrum, inn i neste handlingsprogram for NTP (2018-21). Arbeidet med detaljreguleringsplan vert lagt inn med oppstart i 2018 føresett at prosjektet vert teke med i NTP sitt handlingsprogram."

Vidare gjorde Eid kommunestyre i møte den 22. juni 2016, K-sak 074/16, vedtak om at Eid kommune skal melde seg inn i Statens vegvesen sitt sykkelbynettverk og samstundes søkje tilskot frå Klimasats til utarbeiding av kommunal sykkelstrategi. Finansiering av prosjektet ville kommunestyret kome attende til dersom tilskot vert innvilga. På denne bakgrunn vert det tilrådd oppstart med ny sykkelstrategi så snart som råd, under føresetnad av at tilskot vert innvilga.

Regjeringa forventar vidare at kommunane tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga og byggjesaksbehandlinga. Handtering av overvatn er sentralt i arbeidet med klimatilpassing. Målsettinga må vere at kommunen på sikt får på plass ein overordna kommunedelplan for infrastruktur, med kopling av vatn, avlaup og overvatn.

Å bu i Eid - samla nytt planbehov og behovet for ressursar

Vi tilrår følgjande nye planar under temaet Å bu i Eid:

- Detaljreguleringsplan for nytt kommunalt bustadfelt i Hjelle krins.
- Detaljreguleringsplan for nytt kommunalt bustadfelt i Haugen krins, etter rullering av arealdel.
- Dive-analyse for Nordfjordeid sentrum.

- Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Rv.15 Stårheim, Indre Røed – Stårheim sentrum.
- Sykkelstrategi.
- Kommunedelplan for infrastruktur.

Utarbeiding av **detaljreguleringsplan for to nye kommunale bustadfelt** krev at ein avset midlar til kjøp av planarbeidet og det må påreknast kjøp av tenester for grunnundersøkingar og eventuelt arkeologiske registreringar. Erfaring tilseier at ein må pårekne ei utgift på vel kr. 400 000 per sak for sjølve utarbeidinga av detaljreguleringsplan. Det må og setjast av interne ressursar for oppfølging av planarbeidet. I tillegg må ein setje av midlar til kjøp av grunn, prosjektering og opparbeiding av infrastruktur som vegar, gangvegar, vatn, avløp og overvasshandtering før slike kommunale bustadtomter er klare til sal. Dette er kostnadar som vil variere alt etter plassering og omfang. Det er difor vanskeleg å seie noko eksakt, men av erfaring veit vi at slike kostnadar er på fleire millionar.

Av omsyn til økonomi og tidsaspektet fram mot ferdig detaljreguleringsplan vert det tilrådd at rulleringa av kommuneplanen sin arealdel startar først. Til dette arbeidet kan ein nytte interne planressursar.

Når det gjeld utarbeiding av **DIVE-analysen**, vil dette vere eit tiltak i ny kommunedelplan for kulturminne. Det er tilrådeleg at ein tek dette arbeidet med inn imot arbeidet med ein utviklingsplan som er omtala under Å arbeide og drive næring i Eid. Ressursbehovet for DIVE-analysen vil bli avklara nærare i kommunedelplan for kulturminne.

Eid formannskap bad i møte den 3. september 2015 om at planprosessen for ny **detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Rv.15** Stårheim, Indre Røed – Stårheim sentrum vart innarbeidd i ny planstrategi. Normalt er det Statens vegvesen si oppgåve å planlegge tiltak for riksvegane og det er utarbeidd retningsliner for planlegging av riks- og fylkesvegar. Planarbeidet må normalt omfatte ein oversiktsplan for val av aktuelle trasear før utarbeiding av ein detaljreguleringsplan og det må nyttast konsulentar for gjennomføring av planarbeidet. Så lenge prosjektet ikkje ligg inne i Nasjonal transportplan kan Eid kommune ikkje rekne med å få refundert planutgiftene frå Statens vegvesen. Det er vanskeleg å gje eit eksakt kostnadsoverslag på planarbeidet, men til samanlikning ligg utgiftene til planarbeidet for gang- og sykkelveg langs strekninga Klokkargarden – Nor på vel 4, 3 millionar kroner. Dette er ein kostnad som vegvesenet har tatt. Kommunen sine økonomiske rammer, medrekna fondsmidlar, tilseier at dette planarbeidet ikkje kan starte opp dei næraste åra. Med føresetnad om at prosjektet vert teke med i NTP sitt neste handlingsprogram (2018-21), vert likevel **detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Rv.15** Stårheim, Indre Røed – Stårheim sentrum innarbeidd i ny planstrategi med oppstart i 2018.

Når det gjeld oppstart av **sykkelstrategi**, så er det søkt om midlar for dette arbeidet. Dersom tilskot vert gjeve, vert det tilrådd at arbeidet startar opp etter vedtak av planstrategien. Det er rekna at strategiarbeidet vil koste vel kr. 500 000. I tillegg til tilskot og ordinær drift vil dette innebere 150 000 kr.

Ein ny **kommunedelplan for infrastruktur**, med kopling av vatn, avlaup og overvatn vil vere ressurskrevjande, då eksisterande planar er av eldre dato. Det er behov for økonomiske midlar til konsulenttenester, i tillegg må det setjast av ressursar i form av kompetanse internt i organisasjonen. Det ville vore hensiktsmessig å utarbeide denne planen tidleg i planstrategiperioden, men grunna fordeling av ressursar er det tilrådeleg at denne planen vert utarbeidd seint i perioden. Utarbeiding

av denne planen vil vere omfattande og det vil vere behov for å setje av ekstra ressursar til dette arbeidet på 200 000 kr.

2.2.2 Å vekse opp i Eid

Som ein del av det å bu i Eid har kommunen som strategi å syte for trygge og funksjonelle skulevegar, og der er gjort politiske vedtak om prioriterte planar for dette området. Av avdekte planbehov for dette området vert det vist til vurderingane under Å bu i Eid.

2.2.3 Å ha sitt helse og omsorgstilbod i Eid

I planstrategiarbeidet for førre kommunestyreperiode vart det avdekt eit behov for ein ny kommunedelplan innanfor helse og omsorg. Dette planarbeidet er starta opp og det er såleis ikkje behov for å vedta oppstart av ein ny overordna plan på dette området.

2.2.4 Å arbeide og drive næring i Eid

Amenitetar, identitet og stadleg kultur

Staden sine fysiske kvaliteter og gode offentlege og private tilbod (amenitetar) og identitet og stadleg kultur er trekt fram som to attraktivitetsfaktorar som kan påverke ein stad sin attraktivitet for næring. Og Telemarksforskning peikar på at dersom stadar av eiga kraft skal oppnå å bli meir attraktive, så kan dette vanskelig skje utan ein koordinert innsats som endrar åtferda til mange personar og institusjonar samstundes.

Regjeringa forventar at kommunen samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.

I samfunnsdelen har kommunen peika på tilsvarande tema, og det vert lagt til grunn at kommunen skal delta i fellesarenaer for næringsutvikling og ha tett kontakt med næringsliv, skule med vidare. Vi skal vidare styrke Eid som energisenter, som handelssenter og som kultur- og næringscenter i regionen.

I dokumentet *Kunnskapsgrunnlag og utfordringar* er behovet for å kople næringsliv, utdanningsinstitusjonar og andre forskings- og utviklingsmiljø tettare saman, trekt fram som eit mogleg satsingsområde framover. Det vert vidare vist til at utviklingsplanen for Eid kommune med tilhøyrande strategi for arbeidsdeling gjekk ut i 2012, og at det er ei utfordring for vidare samfunnsutvikling at ein manglar felles mål, strategiar og tiltak for samfunnsutvikling. Utviklingsplanen tok føre seg fire hovudområde; næringsliv, reiseliv, kultur – oppleving, infrastruktur og marknadsføring med profilering.

Å arbeide og drive næring i Eid - samla nytt planbehov og behovet for ressursar

- Utviklingsplan for Eid kommune, med status som kommunedelplan etter plan- og bygningslova.

Utviklingsplanen for Eid skal vere ei samhandlingsplattform for nær sagt heile Eidasamfunnet og for Eid kommune som organisasjon. Planen må utarbeidast i lag med alle dei som er interessentar i planarbeidet. Det vert tilrådd at arbeidet med ein ny utviklingsplan famnar breidt og vert starta opp så raskt som mogleg. Planen vil vere ressurskrevjande, men det er i kunnskapsgrunnlaga for planstrategien avdekt at behovet for ein slik samhandlingsplan er stort. Det er vanskelig å seie kva eit slikt planarbeid vil koste, først og fremst må det setjast av ressursar i form av kompetanse internt i

organisasjonen. Men det vil også vere eit visst behov for økonomiske midlar til konsulenttenester og utviklingsmateriell. Det er avklart med Nordfjord Vekst at næringsfondet ikkje gjev støtte til kommunale utviklingsplanar. Utarbeiding av denne planen vil vere omfattande og det vil vere behov for å setje av ekstra ressursar til dette arbeidet på 200 000 kr.

2.2.5 Å tilbringe aktiv fritid i Eid

Amenitetar, identitet og stadleg kultur

Staden sine fysiske kvaliteter og gode offentlege og private tilbod (amenitetar) og identitet og stadleg kultur vart ovanfor trekt fram som to attraktivitetsfaktorar som kan påverke ein stad sin attraktivitet for næring. Tilsvarande gjeld også for Eid kommune som fritidsarena.

Regjeringa føreset i sine statlege forventningar at vi identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Regjeringa føreset og at vi har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skape eit godt og levande bymiljø og sosiale møteplassar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel vert det stilt liknande forventningar. Kommunen skal bidra til utvikling av eit levande sentrum og utvikling der bygdene er levande. Vi skal vere ein katalysator for kulturarrangement og sikre og legge til rette for tilgang til natur- og friluftsopplevingar for ålmenta. Vidare skal vi planlegge for utvikling av uformelle møteplassar, tilby eit variert kulturtilbod i Operahuset og utvikle biblioteket som ein kulturarena.

Under temaet *Å arbeide eller drive næring i Eid* peika vi på at vidare vekst og utvikling vanskeleg kan skje utan ein koordinert innsats som endrar åtfërda til mange personar og institusjonar samstundes, og det vart konkludert med at det må utarbeidast ein ny utviklingsplan som famna om mange område og aktørar i samfunnet samtidig. Kultur vil vere eit av desse områda. Tilsvarande kan ein sjå på moglegheita for å kople idrett og friluftsliv inn i ein slik type plan.

Eit mykje nytta turmål er dei mange setrane i Eid kommune. Som følgje av omlegging og modernisering av gardsdrifta og til dels også ein del nedlegging av gardsdrifta på gardane, har bruken av setrane endra seg. Setrane vert i større grad nytta til friluftsliv enn før.

I samband med kommunestyret sin vedtaking av kommuneplanen sin arealdel i møte den 4. juni 2015, KS-sak 062/15, vart det gjort følgjande vedtak om utarbeiding av plan for setrane:

«Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast ein differensiert forvaltningsplan for setrane, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne».

Vedtaket vert følgd opp som tiltak knytt til kommunedelplan for kulturminne og den differensierte forvaltningsplanen for setrane må utarbeidast etter vedtak av kommunedelplanen for kulturminne som er venta vedteke i årsskiftet 2016/2017.

Å tilbringe aktiv fritid i Eid - samla nytt planbehov og behovet for ressursar

- Differensiert forvaltningsplan for setrane, med status som kommunedelplan etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld utarbeiding av ny **kommunedelplan for differensiert forvaltning av setrane**, vil ein tilrå at denne vert utarbeidd etter vedtak av kommunedelplanen for kulturminne, i tråd med prioriteringar i handlingsdelen. Dette vil vere ressurskrevjande, og det vil vere behov for økonomiske midlar til konsulenttenester. I tillegg må det setjast av ressursar i form av kompetanse internt i organisasjonen. Tidspunkt for utarbeiding og ressursbehovet vil bli avklara nærare i kommunedelplan for kulturminne. Planen vert likevel sett opp i oversikta over planarbeid i planstrategiperioden.

2.2.6 Eid kommune som organisasjon

Amenitetar, identitet og stadleg kultur

Eid kommune som organisasjon inviterer til ein imøtekomande kommune.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det vidare lagt til grunn at kommunen skal vere ein god og heilskapleg tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar ved å; dele kompetanse og kunnskap mellom avdelingane, kommunisere med innbyggerane på ein formålstenleg måte ved bruk av elektroniske medium, profilere Eid som samfunn og organisasjon i samarbeid med lokale aktørar, ta i bruk eksisterande kunnskap, beste praksis og ny teknologi og rekruttere rett og utvikle rett kompetanse og kunnskap.

Oppfølging av desse målsettingane og strategiane krev at kommunen har oppdaterte planverktøy. Fleire av kommunen sine organisasjonsplanar og temaplanar for ulike fagområde vert oppdatert/endra årleg eller kvart 4. år. Av planar som er nye og som det er avdekt eit behov for, er ein organisasjonsplan som omhandlar overordna arbeidsgjevarpolitikk med tema som livsfase og kompetanse. Vidar vil ein ha behov for ein vedlikehaldsplan for kommunale eigedomar.

Eid kommune som organisasjon - samla nytt planbehov og behovet for ressursar

- Overordna organisasjonsplan.
- Vedlikehaldsplan for kommunale eigedomar.

Ny overordna organisasjonsplan med tema som livsfase og kompetanse bør utarbeidast i 2017, jf. prioritering av livsfaseplan i Eid kommune handlingsdel, der denne planen var sett opp som prioritert tiltak i 2016. Ny vedlikehaldsplan for kommunale eigedomar bør utarbeidast i 2017, jf. prioritering i Eid kommune handlingsdel, der denne planen var sett opp som prioritert tiltak i 2016.

2.3 Oppsummering – behovet for nye planar

Følgjande planbehov for nye planar er avdekt:

- Detaljreguleringsplan for nytt bustadområde i Hjelle krins.
- Detaljreguleringsplan for nytt bustadområde i Haugen krins, etter rullering av arealdel.
- Dive-analyse for Nordfjordeid sentrum, innarbeidast i arbeidet med utviklingsplan.
- Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Rv.15 Stårheim, Indre Røed – Stårheim sentrum.
- Sykkelstrategi.
- Kommunedelplan for infrastruktur.
- Utviklingsplan for Eid kommune.
- Overordna organisasjonsplan.
- Vedlikehaldsplan for kommunale eigedomar.

3 Retningslinjer for vidare planarbeid

Eid inviterer er grunnleggjande for Eid kommune som organisasjons og skal sjølvstøtt også gjelde for kommunen sitt planarbeid. I planarbeidet skal spesielt lokale aktørar inviterast til å medverke i planprosessen. I arbeidet med Eid kommune sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi som er under utarbeiding, er det sett følgjande kommunikasjonsmål:

«Eid kommune sin informasjon og kommunikasjon er lett å forstå og inviterer til dialog og medverknad»

Formålet med å **involvere aktuelle aktørar** er å oppnå ein koordinert innsats der fleire aktørar samhandlar for å oppnå felles mål om ynskt samfunnsutvikling. Ved oppstart av eit planarbeid skal det difor utførast ei interessentanalyse som identifiserer relevante aktørar slik at desse kan bli invitert til å delta i planarbeidet. For å oppnå gode løysingar er det viktig å involvere aktørar med ulike perspektiv som kan sjå planlegginga frå forskjellige vinklar. I planane skal Eid kommune ha ein klart definerte rolle i samfunnsutviklinga.

Planarbeidet skal tilnærme seg temaa med eit **vidsyn**, der ein set brukaren i fokus og tenker utanfor tradisjonelle sektorar. Dei overordna måla for utvikling av Eid kommune som samfunn skal ligge til grunn og relevansen av å innarbeide tverrfaglege tema som berekraftig utvikling, folkehelse, kultur og arealkonsekvensar skal vurderast. I tillegg skal oppdatert kunnskap frå kommunen sine overordna kartleggingar leggjast til grunn. Planstrategien med tilhøyrande vedlegg skal leggjast til grunn ved val av tema for dei ulike planane.

For at aktørar i lokalsamfunnet skal kunne følgje med og vere kjent med kommune sine planar, skal **planprosessane** og **vedtekne planar** vere **lett tilgjengelege** via Eid kommune si heimeside. Planprosessane skal vere basert på **prosjektplanar**, for kommuneplanar etter plan og bygningslova skal det også utarbeidast **planprogram**.

4 Planarbeid 2016-2020

Overordna kartleggingar	Når skal arbeidet starte?						Ikkje prioritert	Vedtaksmynde		Ressursbehov (utover ordinær drift)
	Årleg	2016	2017	2018	2019	2020		Politisk	Administrativ	
Statusrapport for helsetilstand og påverknadsfaktorar i Eid kommune vert revidert årleg, med ein meir omfattande revisjon i 2019/2020 inn i mot arbeidet med planstrategi.	X				X				X	
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Eid vert revidert årleg.	X							X		
Kommuneplan og kommunedelplanar som skal utarbeidast etter reglane i plan- og bygningslova	Når skal arbeidet starte?						Ikkje prioritert	Vedtaksmynde		Ressursbehov (utover ordinær drift)
	Årleg	2016	2017	2018	2019	2020		Politisk	Administrativ	
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025							X	X		
Ny kommunedelplan for utvikling			X					X		200 000,-
Kommunedelplan for oppvekst 2017-2029							X	X		
Kommunedelplan for helse og omsorgstenestene 2017-2029							X	X		
Kommunedelplan for veg og trafikktrygging 2017-2029 vert revidert i planstrategiperioden.								X		
Kommunedelplan for energi og klima vert revidert i planstrategiperioden.		X						X		200 000,-
Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028							X	X		
Ny kommunedelplan for differensiert forvaltning av setrane				X				X		Vert nærare utgreia i samband med kommunedelplan for kulturminne, ca 200 000 kr.

Kommunedelplan for breiband 2016-2028								X		
Ny kommunedelplan for infrastruktur						X		X		200 000,-
Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027. Det vert utført ein avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel for areal til bustadformål sentralt i Haugen krins (gangavstand til skulen).			X					X		
Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget							X	X		
Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda							X	X		
Reguleringsplanar utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova av Eid kommune	Når skal arbeidet starte?						Ikkje prioritert	Vedtaksmynde		Ressursbehov (utover ordinær drift)
	Årleg	2016	2017	2018	2019	2020		Politisk	Administrativ	
Ny detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt på Hjelle				X				X		400 000,-
Ny detaljreguleringsplan for nytt kommunalt bustadfelt i Haugen krins – etter rullering av arealdelen				X				X		400 000,-
Ny detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Rv.15 Stårheim, Indre Røed – Stårheim sentrum.				X				X		4 500 000,-. Dersom prosjektet ligger inne i NTP vil kommunen sine utgifter i samband med planarbeidet bli redusert.
Andre planar og strategiar, som ikkje skal utarbeidast etter reglane i plan- og bygningslova	Når skal arbeidet starte?						Ikkje prioritert	Vedtaksmynde		Ressursbehov (utover ordinær drift)
	Årleg	2016	2017	2018	2019	2020		Politisk	Administrativ	
Ny sykkelstrategi.			X					X		150 000,-. Resten er dekket av tilskot og gjennom ordinær drift.

Ny Dive-analyse for Nordfjordeid sentrum			X					X		Vert nærare utgreia i samband med kommunedelplan for kulturminne, ca 200 000 kr.
Bustadsosial handlingsplan 2013-2023 vert revidert i planstrategiperioden.			X					X		
Plan for mottak av flyktningar i Eid kommune 2013-2017 vert revidert i planstrategiperioden.			X					X		
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2019						X		X		
SMIL - Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket for Eid kommune 2013 – 2016 vert revidert i planstrategiperioden.			X					X		
Overordna plan for hjorteforvaltning 2010-2015 vert revidert i planstrategiperioden.			X					X		
Ny overordna organisasjonsplan			X					X		
Ny vedlikehaldsplan for kommunale eigedomar			X					X		
Tiltaksplan for gjennomføring av sentrumsanalysen						X		X		
Helse, miljø og tryggleiksplan (HMT-plan)						X		X		
Plan for inkluderande arbeidsliv i Eid kommune 2015-2018 (IA-plan) vert revidert i planstrategiperioden, i 2017 og 2019.			X		X			X		
Plan for bedriftshelseteneste vert revidert årleg, med omfattande revisjon i 2017.	X		X					X		
Lønspolitisk plan 2015-2016 vert revidert årleg.	X							X		

Arkivplan vert revidert minimum årleg.	X								X	
Overordna plan for sikring av personsensitive opplysingar i Nordfjordkommunane vert revidert årleg.	X								X	
IKT-tryggingssplan for Nordfjordkommunane							X		X	
Informasjons- og kommunikasjonsstrategi							X	X		
Digitaliseringsstrategi for Nordfjordkommunane 2016-2020							X	X		
IKT-strategi for Nordfjordkommunane vert revidert årleg.	X								X	
ENØK-plan for Eid kommune							X	X		
Spesialpedagogisk plan 2013-2017 vert revidert i planstrategiperioden.			X					X		
Strategiplan for minoritetsspråklege vert revidert i planstrategiperioden.			X						X	
Førebyggjande handlingsplan for brann vert revidert årleg.	X								X	
Overordna beredskapsplan for Eid kommune vert revidert minimum årleg.	X							X		
Smittevernplan vert revidert minimum årleg.	X								X	
Pandemiplan vert revidert minimum årleg.	X								X	
Tilsynsplan etter forureiningsforskrifta vert revidert årleg.	X							X		
Tilsynsplan for byggesak vert revidert årleg.	X							X		
Tilsynsplan for brann vert revidert årleg.	X								X	
Systemet for å gjere plan til	Når skal arbeidet starte?					Ikkje	Vedtaksmynde			Ressursbehov

handling	Årleg	2016	2017	2018	2019	2020	prioritert	Politisk	Administrativ	(utover ordinær drift)
Kommuneplanen sin handlingsdel vert revidert årleg.	X							X		
Økonomiplanen vert revidert årleg.	X							X		
Årsbudsjettet vert revidert årleg.	X							X		
Verksemdplanane vert revidert årleg.	X								X	
Årsrapport, årsmelding, rekneskap og tertialrapport vert oppdatert minimum årleg.	X							X		

5 Vedlegg

Planstrategien 2016-2020 omfattar også følgjande vedlegg:

1. Kunnskapsgrunnlag og utfordringar
2. Forventingar til planlegging
3. Vurdering av planar